

VAKUMTOALETT I HYTTEOMRÅDA.

I Skjåk er det sidan 2005 vore gjennomført eit prøveprosjekt med Jets vakum biodo i hytteområda.

Jets Biodo er ei toalettløysing som er bygd opp av vakumprinsippet. Ved å nytte vakumpumpe blir toalettavfallet ført til ein komposteringstank. For å få til dette blir det nytta om lag 0,5 l vatn pr. gong. Dette er så små mengder at det kan nyttast utan innlagt vatn i hytta.

I dei regulerte hyttefelta der det ikkje er lagt opp til høg standard er det krav om biologisk toalett, og det er da meint toalett utan avløp.

Desse taoaletta har ofte ein del bruksproblem, og mange ynskjer ei løysing som er enklare å drifte.

Prøvetida er nå omme, og kommunen har evaluert prosjektet.

Kommunen har vore i kontakt med dei som har vore med på prøveprosjektet. På nokre av hyttene har det også vore synfaring.

Dei som har vore med er godt nøgde med løysinga. Ved Liavatnet har ein brukar hatt problem med at infiltrasjonsrøyrret var gått tett med slam. Dette vart løyst med å skifte ut infiltrasjonsrøyr til større dimensjon og at det vart montert ein klåringskum.

Av dei utførte kontrollane kommunen har utført er det ikkje påvist utslag eller forureining, men ved eit tilfelle var utløpsrøyrret ført til vassdrag. Dette gjeld eit anlegg som ikkje ligg i hyttefelt der det er krav om biologisk toalett, men viser at det er viktig at anlegget blir utført av fagfolk. Kommunen krev at anlegga skal vera søknadspliktige og at det blir kravd ansvarsrett.

I drøftingsmøte i Miljø- og næringsutvalet 04.09.2008 kom det forslag om at det bør kunne nyttast tett tank i slike områder.

Konklusjonen i kommunen er:

- 1. Det skal søkjast kommunen om å installere Jets vakum biodo etter Plan- og bygningslovas § 93a. Kommunen krev ansvarleg foretak for prosjektering, søkjar, utførande og kontrollerande for anlegget.**
- 2. Anlegget skal dimensjonerast i samsvar med notat utarbeidd av NLH der det er infiltrasjonsløysing.**
- 3. Komposteringsdelen må utførast med minst 2 liner der den eine er i bruk og den andre blir sett til kompostering.**
- 4. Der avstand til drikkevassforsyning er for liten eller grunnforholda ikkje er gode, kan det nyttast tett oppsamlingstank på min 2 m³. I dei regulerte hyttefelta skal det nyttast tett tank.**
- 5. Tanken må tømast årleg i samsvar med kommunal forskrift om tømning av tette tanker m.v.**

Dei som har sett inn slike toalett utan å vera med på forsøksordninga og heller ikkje har søkt, bør melde frå til kommunen og evt. få anlegga i orden med tett tank.

Kommunen vil ta stikkprøver i området og vi har også lister frå renovatør over tømde anlegg.

SKJÅK KOMMUNE



Per Dagsgard

Leiar Plan, samfunn og Miljø

T 61217022 M 95989940